

Heidi Domben ATV/v Florø ungdomsskule

Viktige prinsipp for framtidens fellesskule

Vi, klubben til Utdanningsforbundet ved Florø ungdomsskule, ønskjer å løfte fram kva vi meiner må liggje til grunn for vidare utvikling av den norske fellesskulen. Uttalen byggjer på brei drøfting i klubben og tek utgangspunkt i dagens utfordringar og framtidens behov.

Før vi går vidare, vil vi peike på den dårlege utviklinga på elevresultata i heile OECD og det vert vanskeleg å peike på enkeltfaktorar utan at vi ser på heile skulesystemet og korleis ein driftar skulen i Norge i dag. I dag er det kommunane som har ansvaret for økonomien i skulen, eit ansvar som tidlegare låg hos staten. Etter denne endringa ser vi at økonomiske omsyn i aukande grad styrer utviklinga av skulen. Når kommuneøkonomien er svak, fører det til gjentekne kutt – ofte på ein måte som kan gå utover dei lovfesta rettane elevane har krav på.

Dette reiser eit viktig spørsmål: Er tida inne for å vurdere om staten igjen bør ta over det økonomiske ansvaret, slik at alle elevar får ein meir føreseieleg og rettferdig skulekvardag? Vi vil vidare peike på det vi meiner er viktige punkt i det vidare arbeidet med framtidens fellesskule.

1. Fellesskulen som berebjelke i demokratiet

Fellesskulen skal vere ein skule for alle – uavhengig av bustad, bakgrunn og føresetnader.

Dette krev:

- Lik tilgang til kvalitet: Same læreplan, same overordna verdigrunnlag og same ambisjonar for alle elevar i heile landet.
- Felles referanserammer: Elevane skal møte eit mangfald av menneske og meiningar, og utvikle forståing for fellesskap, demokrati og samfunnsansvar.
- Inkludering i klasserommet: Institusjonalisering skal vere unntaket. Elevane skal i størst mogleg grad vere ein del av det ordinære fellesskapet.
- Profesjonsfellesskap: Lærarar må ha handlingsrom til å bruke fagleg skjønn, variere undervisninga og støtte seg på kollegaer sine styrkar.

Fellesskulen skal bidra til å utjamne sosiale skilnader og hindre framvekst av parallellsamfunn. Dette er eit samfunnsoppdrag som må styrkast, ikkje svekkjast.

2. Klare prioriteringar for framtidens skule

For å sikre ein berekraftig og fagleg sterk fellesskule meiner vi at desse områda må prioriterast:

a) Læraren si kjerneoppgåve må styrkast

Læraren må få tid og rom til å undervise. I dag blir lærarrolla fragmentert av stadig fleire oppgåver som ligg utanfor kjerneoppdraget. Vi treng:

- færre «hattar» og meir tid til fagleg arbeid
- større tillit til profesjonen og gi tilbake læraren sin faglege autonomi
- tydeleg avklaring av kva som er skulen sitt ansvar, og kva som høyrer til helse- og

sosialtenestene

- styrkt samarbeid mellom instansar, men med klare rammer, i tillegg til juridiske avklaringar rundt denne rollefordelinga

b) Grunnleggjande ferdigheiter og danning må stå i sentrum

Framtidas elevar treng solid kompetanse i lesing, skriving, rekning og kritisk tenking. Vi meiner:

- digitaliseringa må vere gjennomtenkt og pedagogisk forankra
- skjermbruk må avgrensast der det går ut over konsentrasjon, uthald og leseferdigheiter
- elevane må utvikle evne til kritisk refleksjon, demokratiforståing og samfunnsdeltaking

c) Ein meir praktisk og relevant skule

Vi ser behov for å vurdere endringar i skuleløpet, med:

- meir praktisk og yrkesretta innhald tidlegare
- tettare kopling mellom teori og praksis
- styrking av praktisk-estetiske fag som viktige arenaer for meistring og fellesskap

d) Trygge og stabile vaksne – med realistiske forventningar

Omsorgsoppgåvene i skulen har auka, men skulen kan ikkje kompensere for alle samfunnsutfordringar. Vi treng:

- tydelegare forventningar til elev, heim og skule
- tiltak som motverkar snillisme og låge krav
- ein kultur der elevane møter motstand og lærer å stå i ubehag

3. Samfunnsutvikling som utfordrar fellesskulen

+Vi peikar særleg på desse utviklingstrekk:

- aukande individualisme og krav om tilpassing som svekkjer fellesskapet
- ressursmangel som gjer at førebygging blir nedprioritert
- dokumentasjonskrav og møteverksemd som tek tid frå undervisning
- auke i privatskular som kan forsterke sosiale skilnader
- skjermbruk, KI og sosiale medium som påverkar konsentrasjon, motorikk og fagleg utvikling
- høgt fråvær og ein kultur der det kan vere for lett å vere heime

Desse tendensane krev politiske grep som styrkjer fellesskulen, ikkje fragmenterer han.

4. Det viktigaste å bevare

Vi meiner at desse elementa er avgjerande for ein sterk fellesskule:

- felles læreplanar og overordna del
- høg kompetanse hos lærarar og andre yrkesgrupper
- relasjonsbygging og sosial læring
- lærarnormen
- praktisk-estetiske fag og kulturelle prosjekt
- demokratiopplæring gjennom skulen sine strukturar
- profesjonelt handlingsrom og eit heilskapleg elevsyn

Fellesskolen er ein av dei viktigaste institusjonane i det norske demokratiet. For å sikre ein skule som inkluderer, dannar og løftar alle elevar, må vi styrke lærarrolla, prioritere grunnleggjande ferdigheiter og sikre at skulen får rammer som gjer det mogleg å vere ein reell fellesskule – for alle.